

Sløkkeutstyr skal kontrollerast årleg

10.12.2014

Under eit tilsyn for stutt tid sidan kunne ikkje Dønhaug Gjestegard leggja fram dokumentasjon på årleg kontroll av sløkkeutstyr. Det mangla sakkyndig rapport om utstyret.

Førebyggjande avdelingsleiar Øyvind Ousdal opplysar i rapporten at låven har vore lite nytta det siste året. Det har vore einskilde bryllaup og Festidalen har nytta delar av bygga og området.

Ein har rutinar som sikrar at ein sjekkar passive og aktive brannsikringstiltak og det vert gjennomført ein opplæring av naudsynt personell ved kvart arrangement.

Det vart opplystat det skal kjøpast inn nye handslokkarar, men desse er det ikkje naudsyn å kontrollera før i 2015 viss dei er merka med godkjent 2014.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen